

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 34/2006

Møtedato: 28.6.06

Arkiv nr: S 694

## **S 694, Jaslangen – søknad om oppføring av sel**

Ingebjørg og Magne Moe søker om å få føre opp nytt sel på stølen på Jaslangen. Det gamle selet på 27 m<sup>2</sup> skal rivast og erstattast med eit nytt på 73 m<sup>2</sup>. Det gamle selet er i så dårleg tilstand at det er mest hensiktsmessig å rive det.

Søklarane har opplyst at dei starta opp med 10 sau i 2004 som dei har vinterfora og stølen blir brukt til beite for sauene. Stølen er etter dette i bruk etter fjellova.

Til stølar som berre er i bruk til beite har fjellstyret tidlegare godkjent storleiken på sel inntil 70 m<sup>2</sup>. Dette er storleik som Statskog har tilrådd.

Det nye selet har ikkje form som er tradisjonell for stølshus. Det er store glas, veranda og blanding mellom 1 og 1 ½ etasje. Regional kulturminneforvaltning har laga til eit regelverk som fjellstyret kan følgje for vurdering i staden for å sende byggesøknad til uttale. Utforming av selet er ikkje i samsvar med dette regelverket.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Statskog fekk oversendt søknaden den 8.6.06 og har ikkje kome med merknader til søknaden.

## **VEDTAK:**

Fjellstyret finn at det er godtgjort behov for nytt sel ut frå drifta på stølen. Utforming av selet er etter fjellstyret sitt syn ikkje i samsvar med retningsliner frå regional kulturminneforvaltning. Fjellstyret ber om nye teikningar som er meir i samsvar dei nemnde retningslinene før ein kan godkjenne søknaden. Søkjaren må ved utarbeiding av nye teikningar redusere storleiken på selet til 70 m<sup>2</sup>.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.6.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Ingebjørg og Magne Moe